

Olje- og Energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Vedtaksbrev

Dykkar ref.
20/1588

Vår ref.
20/16795-3/FA-S04/180

Stad/Dato:
28.01.2021

Høyring av Statnett si konseptvalutgreiing (KVU) med behovsvurdering og ekstern kvalitetssikring for Bergen og omland

Den ovannemnde saka er behandla med følgjande vedtak:

Formannskapet (FS) 21.01.2021 - saksnr. 008/21:

- Formannskapet sluttar seg til at det vert starta ein prosess med KVU og at det vert gjort grundige samfunnsøkonomiske og natur/areal vurderingar ved val av konsept.
- Formannskapet vil uttrykkje bekymring for at mangel på elektrisk kraft vil kunna vera til hinder for etablering av nye arbeidsplassar i regionen.
- Formannskapet ber difor om at ein set fortgang i arbeidet for å sikra nok elektrisk kraft til regionen. Ein rår til at utbygging og styrking av hovudkraftnettet i tråd med tilrådinga i KVU, må setjast i gang snarast råd. Regjeringa må syta for at dei nødvendige finansielle ressursane til ei slik utbygging kjem på plass.
- Forbetring av kraftnett skal ikkje føre til auka fastavgift for privat bruk.

De vert med dette gjort kjent med vedtaket.

Med helsing

Råmund Skjold
kommunalsjef for Kultur og samfunn